



Årsmelding for 2014

Godkjent av styret 16. mars 2015

Skal godkjennast av årsmøtet 4. mai 2015 jf. vedtekten §3



M/S Henrik Ibsen og M/S Telemarken i Vrangfoss, foto Ole Bjørn Ulsnæs

Innheld

1.	Oppsummerende årsmelding.....	3
2.	Besøkstal	5
3.	Forvaltning av kanallandskapet	5
4.	Reiseliv og annen næring	6
5.	Informasjon og marknadsføring.....	10
6.	Kultur og frivillig sektor.....	11
7.	Kunnskapsutvikling og formidling	11
8.	Nasjonale og internasjonale nettverk.....	12
9.	Finansiering av utviklingsprosjekter.....	12
10.	Organisasjon.....	12
	Vedlegg: Statistikk for besøk 2014.....	14



Ulefoss gjestebrygge sumaren 2014, foto Ole Bjørn

I. Oppsummerende årsmelding

Formålet med Telemarkskanalen regionalpark er å auke området sin attraktivitet som reisemål og buplass, og å få til vekst og utvikling i næringslivet gjennom å foredle dei særprega ressursane knytt til Telemarkskanalen og kanallandskapet.

Regionalparken har kontorfellesskap med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset i Skien.

Økonomien i Telemarkskanalen regionalpark er god, og forutsetningane for fortsatt drift er til stades.

Årsmeldinga følgjer innsatsområda og måla i strategisk handlingsplan 2012-2016. Hovudmålet i den strategiske handlingsplanen er auka besøk.

Dei tradisjonelle måleindikatorane for besøk til Telemarkskanalen - antall besøkande på rutebåtar og antall fritidsbåtar er på hhv same nivå og noko ned frå 2013. Samstundes viser nye elektroniske teljarar i Lunde og Vrangfoss sluser, samt statistikk frå campingplassar og andre aktørar langs kanalen, at besøket frå landsida er godt.

Regionalparken har i 2014 hatt aktivitet på alle satsingsområda i strategisk handlingsplan.

Landskapsanalysar i kanallandskapet har blitt gjennomført i alle kommunane, og arbeidet har blitt vidareført i ein forstudie om bruk av kunst, arkitektur og belysning for å forsterke opplevingane i kanallandskapet. Det har også blitt gjennomført skjøtselstiltak i tre av kommunane langs kanalen.

Gjennom eit prosjekt med hemmelege gjester har vi saman med næringsaktørane jobba med kvalitetsutvikling og betre vertskap langs Telemarkskanalen. Prosjektet har gitt mange nyttige erfaringar som vi tek med oss inn i 2015. Prosessen med dei hemmelege gjestane syner at produkta og opplevingane på og langs kanalen er gode, men at vi er for dårlege til å selja dei. Koordinert og effektiv marknadsføring og sal av kanalopplevingar er identifisera som ein viktig flaskehals for å få auka besøk.

Heimesida til Telemarkskanalen, som regionalparken eig saman med Telemarkskanalen FKF, har kome i ny drakt, og skal gi tilreisande eit mye betre bilde av opplevingar og moglegeheiter langs Telemarkskanalen. Regionalparken ga også ut eit nytt kanalmagasin i 2014 saman med kanalføretaket. Aktørane langs kanalen er godt nøgde med eit felles magasin som viser heile kanalen.

I magasinet for 2014 ble attraksjonsklyngene presentert samla for første gang. Klyngene har vore viktig for å fokusere arbeidet med å utvikle lokale særeigenheiter langs kanalen. Regionalparken har også utvikla fleire aktivitetstilbod med sykling, padling og vandring langs kanalen i 2014, samt nye kart og brosýrar for å synleggjere desse moglegeheitene.

Det meste av arbeidet i regionalparken er organisert i prosjekt. Dei siste åra har vi søkt og fått gode tilskott frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå verdiskapingsprogrammet for parkar. Telemarkskanalen regionalpark har fått den største tildelinga av alle parkane, med til saman 3,9 mill. kroner, av dette er 900 000 kroner i 2014.

2014 er det tredje året regionalparken har vore i full drift. Organisasjonen er framleis i utvikling med utbygging av nettverk mellom eigarane og aktørane i området. I 2014 har vi spesielt auka kontakten og samarbeidet med dei private aktørane i regionalparken.

Arbeidsmiljøet i regionalparken er godt og sjukefråværet er ubetydeleg. Verksemda har ikkje vesentlig påverknad på det ytre miljø. Kjønnsfordelinga i administrasjonen er ein mann og ei kvinne, i tillegg har vi hatt ein mannlig reiselivsstipendiat frå september 2013 fram til juni 2014. I styret er det sju menn og ei kvinne.

Styret har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tor Erik Baksås. Det har hatt fem styremøte og har handsama 32 saker. Styret har også gjennomført eit strategiseminar saman med ressursgruppa med revisjon av strategisk handlingsplan som tema. Den reviderte handlingsplanen blir vedtatt i 2015.

Dalen 16. mars 2015



Tor Erik Baksås
Styreleiar

Bjørg Tveito Lundefaret
Nestleiar

Steinar Arntzen
Styremedlem

Kjell-Magne Grave
Styremedlem


Roger Heimdal
Styremedlem

Tom Rasmussen
Styremedlem

Gunnar Ruud
Styremedlem

Hans Kortner Ryen
Styremedlem

Pål Kleffelgård
Dagleg leiar



Padling i Eidsfoss sluser, foto Ole Bjørn Ulesnæs

2. Besøkstal

- Hovudmålet er at Telemarkskanalen regionalpark skal blir ein betre besøkt reiselivsattraksjon.

Det var til saman 22 907 passasjerar på kanalbåtane i 2014, mot 22 265 i 2013. Det er ei auke på 642 passasjar som svarer til 3 %. Det var dei 4 040 passasjerane på teaterframsyninga PS14 i september som redda sesongen 2014. Antall passasjerar på ruteavgangane hadde ein nedgang på 19 %. Dette er bekymringsfullt, og båtaktørane har ein dialog med Visit Telemark om korleis salet skal gjerast betre.

Talet på fritidsbåtar gjekk noe ned frå 2013. Frå 609 til 565 båtar gjennom Skien sluser, ein nedgang på 44 (7 %). Frå 265 til 240 båtar gjennom Ulefoss sluser, ein nedgang på 25 båtar (9 %).

I juli fekk regionalparken sett opp elektroniske teljarar for å registrere dei som besøker sluseanlegga i Lunde og på Vrangfoss frå land. Frå 2. juli til 30. september registrert teljarane 28 717 i Lunde sluse og 10 455 i Vrangfoss, til saman over 38 500 personar. Under føresetnad om at forsesongen (før 2. juli) er like godt besøkt som ettersesongen (frå 1. august) blir det anslagsvis 57 000 gjennom heile sesongen. Dette er høgare tal enn vi hadde rekna med.

I 2014 har regionalparken samla inn tal for besøk på aktivitetar, arrangement, attraksjonar, campingplassar mm. Samla har vi telt 265 000 personar. Vi treng betre talgrunnlag over fleire år for å seie noko om utviklinga, men trenden hos dei som har rapportert også for tidlegare år, er at dei fleste har hatt ei positiv utvikling frå 2013 til 2014. Dette rimar godt med at Telemark var det fylket i landet som hadde nest størst vekst i overnattingar i juni og juli 2014. I juni hadde vi faktisk størst vekst i heile landet. Den danske, norsk og tyske marknaden auka mest. 87 prosent av gjestene var norske.

3. Forvaltning av kanallandskapet

Mål

- Auke kompetansen om landskapsforvaltning hos aktørane og eigarane.
- Gjennomføre konkrete skjøtsels- og tilretteleggingstiltak

I 2014 blei arbeidet i fagnettverk for kanallandskapet via til å gjennomføre prosjektet landskapsanalyser i kanalkommunane som gikk frå hausten 2013 til våren 2014, med støtte frå fylkesmannen. Formålet var å auke kompetansen i metode og å gjere analyser som grunnlag for tiltak i landskapet. Kommunane valde område som i stor grad var samanfallande med attraksjonsklyngene, slik at arbeidet med landskapsanalysane forsterkar ein pågående prosess for å gjere regionalparken meir attraktiv for besøk. Arbeidet blei vidareførd i ein forstudie om bruk av kunst og arkitektur i kanallandskapet hausten 2014 som fekk namnet 'Forever until the end'. Målet er å forsterke landskapsopplevelingane og koplingane mellom landskap og opplevelingstilboda i attraksjonsklyngene. Det er starta eit arbeid for å få vesentleg økonomisk støtte til realisering av desse ideane frå nasjonale stiftingar.

Regionalparken har sett av 150 000 kroner i stimuleringsmidlar til skjøtsel, tilsyn og vedlikehald i kanallandskapet. Både med og utan vilkår om vedlikehald. Midla blei i utgangspunktet fordelt likt på kommunane og gjort kjend gjennom nettverka til regionalparken, pluss brev til kanalkommunane og bondelaga. Det kom ikkje mange søknader, så midla blei fordelt på dei som søkte. I 2014 blei det gitt tilskott til Kviteseid, Sauherad og Tokke.

- Kviteseid kyrkje, skjøtsel for betre ut-/innsyn til kanalen, vedlikehald ved kyrkjekontoret i samarbeid med kommunen.

- Benker på Spjotsodd og Fjågesund, avtale med Telemarkskanalens venner.
- Opprusting av Bergsto brygge, avtale med Fjågesund grendelag.
- Rydding ved Holte på rv 36 langs Norsjø med utsyn til Akkerhaugen, vedlikehaldsavtale med entreprenør i 10 år.
- Rydding på Tangane ved vannfronten i Dalen, vedlikehold av velforening under Dalen Næringsksamskipnad.

I 2013 fekk regionalparken samarbeid med Søve vidaregåande skule om utplassering av telemarskyr ved Eidsfoss. I 2014 blei avtala utvida til kyr i Vrangfoss, men ettersom Søve ikkje har nok kyr og kalvar i 2014 blei det utsett til 2015.



Telemarskyr ved Eidsfoss

4. Reiseliv og annen næring

Mål: Ein betre besøkt reiselivsatraksjon.

Arbeidet med å utvikle attraksjonsklynger med sær preg er finansiert med VSP park 2012.

I 2014 kunne vi presentere klyngene i Kanalmagasinet:



Status for attraksjonsklyngene:

- Ulefoss kulturarv starta som Drømmemila i 2011, men blei endra til Ulefoss kulturarv etter støtte frå Riksantikvaren verdiskapingsprogram (VSP kulturminne) i 2013. I 2014 blei attraksjonsklynga markert opna med attraksjonar som er betre tilrettelagd for publikum gjennom felles marknadsføring og sal, guiding, informasjonsskilt, guidar, digital formidling, vegskilt, parkeringsplasser, belysning, infotavler. Arbeidet blir søkt vidareførd i VSP kulturminne 2015.
- Fruktbygda: Hovudprosjekt 2014-16. Her samarbeider 17 aktørar om å legge til rette for besøk, spesielt for grupper, med produktutvikling, marknadsføring og sal. Mange melder om godt besøk i 2014. Samarbeidet blei ved årsskiftet formalisert i eit samvirkeføretak (SA).



Anne Underbergs Heimebakeri er med i Fruktbygda, foto Live Skinnes

- **Vandring og kultur i Vest-Telemark:** Hovudprosjekt 2014-2015. Tilrettelagt tursti Dalen bryggje – Ruipllassen – Eidsborg i Tokke og sentrumsvandring i Kviteseid. Grunneigaravtaler, rydding, skilting, informasjonstavler, miniguider, kart over turstiar. Nettverk med fem «velkommen vandrar bedrifter»; Dalen Hotell, Straand Hotell, Dalen B&B, Vrådal hyttegrend og Morgedal hotell.
- **Industrihistoria/verdsarv på Notodden:** Forprosjekt 2014. Samling av 11 aktørar. Brosjyre, turistskilt og plakatar. Hovudprosjekt planlagt frå vinteren 2015 i nært samarbeid med prosjektet ‘salgbare verdensarvopplevelser’ som har hovudfinansiering frå fylkeskommunen. Regionalparken har inngått avtale med ein filmprodusent om film om Notoddens kanalhistorie.
- **Kanalbyen Skien.** Forprosjekt i 2014. Skien har utviklet konkrete nye turisttilbod: Sjørøvarcruise med M/S Victoria og kopling av Henrik Ibsen og lokal mat i samarbeid med Telemark museum og Telemark Landbrukselskap. Gjennomført ei undersøking om kulturbruk som bl.a. viste at Løveid sluse er den attraksjonen som Skiensfolk helst viser fram når de har gjester. Hovudprosjekt startar i 2015.

Mogelighetsstudien på Smiøya pågår i regi av kommunen, i samarbeid eigarane av Klosterøya, ROM Eiendom, Visit Grenland, Kontorbygg AS, Bryggeparken hotell og Telemarkskanalen Regionalpark. Prosessen tar sin tid og er forlenga til juli 2015.



Smiøya med Skien sluse, foto Robert Sevland

I tillegg til dei lokale klyngene blir det arbeid med ulike felles tema for heile regionalparken.

- **Aktivitetar i regionalparken, sykling, padling og vandring.** Hovudprosjektet 2013-2014 er avslutta. Har gjennomført tiltak som legg til rette for aktivitet i kanallandskapet ved å beskrive turar i tekst, bilde og på kart. Sykkelskilt Dalen – Ulefoss på norsk/engelsk, padlekart for hele kanalen på norsk/engelsk, elektroniske teljarar på Lunde sluse og Vrangfoss sluse, 15 rollups om aktivitet langs kanalen til kanalkommunane, seks miniguider for sykkelturar, fem miniguider for padleturar. Oppdatert aktivitetkart for padling, sykling og vandring i Midt-Telemark og turforslag på UT.no. Rettleiar for å produsere turforslag til ut.no. Nettsider og materiell skal være lett tilgjengeleg for næringsaktørar så dei kan bruke det for gjestar. Det er no langt fleire godt tilrettelagde aktivitetstilbod langs kanalen enn før.
- **Gjestehamner for fritidsbåtar.** På grunnlag av statusrapport som regionalparken fekk laga i 2013, blei det i 2014 laga planar for utvikling av tre gjestehamner; Kviteseid, Dalen og Notodden. Regionalparken koordinere arbeidet med å søke støtte frå fylkeskommunen, Telemark Utviklingsfond (TUF), Innovasjon Norge og lokale kjelder. Dessverre var det ingen av dei regionale aktørane som ga tilsegn om den toppfinansieringa som det var søkt om, Ny gjestebrygge er likevel anlagt på Notodden og Kviteseid har som mål å få ny gjestebrygge i 2015.



Dalen gjestehamn og bobilcamp ved Dalen brygge

- **Leirplassar.** Ei kartlegging i 2013 viste at det er 14 naturleirplassar langs kanalen, med plass til totalt ca. 50 personer, som i ulik grad tilfredsstiller kravet til standard for leirplasser. Det vil seie toalett, bålpass, teltpass, gapahuk og tilgang til ved. I tillegg er det 13 kommersielle leirplasser/camping. I 2014 fekk vi laga ein utviklingsplan i tre fasar for å auke talet på naturleirplasser, primært for padlarar. Naturleirplassane skal ikkje undergrave næringsgrunnlaget for dei kommersielle. Ein ny leirpass er i rapporten kostnadsrekna til ca. 98 000 kr.
 - Oppdatere 11 eksisterande leirplassar til standard, inkl. 58 nye plassar. Kostar 416 000 kr.
 - Utvikle 9 nye leirplassar, 80 nye plassar. Kostar 1 614 000 kr.
 - Utvikle 20 nye leirplassar, 240 nye plassar. Kostar 2 780 000 kr.Planen foreslår at utbygginga skal skje i regi av regionalparken, Telemarkskanalen FKF og kanalkommunane. Det er føreset at brukarane betalar eit naturovernattingskort, som i Dalslands kanal. Regionalparken vil saman med eigarane vurdere korleis prosjektet skal vidareførast i eit hovudprosjekt.
- **Lokal mat.** Vi er kome til at det viktigaste bidraget frå regionalparken er å synleggjere det tilbodet som faktisk finnes på Telemarkskanalen.no. Derfor fekk vi i 2014 utarbeid ein oversikt over kvar

ein kan kjøpe lokal mat. I tillegg ga vi støtte til servering av lokalmat på verdsmeisterskapen i Wakeboard.

I 2012-13 gjennomførte regionalparken prosjektet Vrangfoss slusepark med finansiering frå Riksantikvaren, fylkeskommunen og Telemarkskanalen FKF. I 2014 starta arbeidet med å realisere formidlingstiltaka. Vi fekk laga og sett opp ein stor lesevegg på plassen mellom øvste sluse og Slusemesteren med historia om temjing av den vrangfossen. Og det blei sett opp fem QR-punkt der besökande kan hente informasjon med telefonane sine. Fylkeskommunens fredningsplan for Bandakkanalen blei sendt til Riksantikvaren for godkjenning i 2014.

I 2014 starta regionalparken eit toårig prosjekt for å utvikle Telemarkskanalen som reisemål saman med aktørane, med hjelpe av konsulentelskapet Quality Improvement. Metoden er utvikling av felles kvalitetsmål og evaluering med hemmelege gjester. Som ledd i arbeidet arrangerte regionalparken kurs i salsarbeid i forkant av sesongen, pluss at vi fekk laga ein kanalquiz på nettet for å stimulere tilsette til å auke kunnskapen om kanalen. Det har vært god oppslutning om prosessen. I løpet av sesongen fekk 70 aktørar besøk og individuelle evalueringssrapporter. På parkmøtet i november blei det samla resultatet presentert. Det viser at Telemarkskanalen tilbyr gode opplevingar basert på kultur og natur. Men det syner også at mange aktørar kan bli betre på service og sal. Arbeidet held fram med felles forbetringstiltak og ny evalueringssrunde i sesongen 2015.

I 2014 kartla regionalparken tilbod som er spesielt egna for barn og unge. Det blei presentert i Kanalmagasin 2014 og på nettsidene.

Vest-Telemark museum fekk fullfinansiert planen om ein kanalmodellen på Eidsborg til nesten 6 mill. Den blir 100 meter lang, har 14 sluser, båtmodellar, tømmerflåtar mm. Her kan barnefamiliar og skuleklasser prøve seg på slusing. Regionalparken har gjennom verdiskapingsprogram for parkar 2013 ytt 100 000 kr som skal gå til formidling. Kanalmodellen opnar 1. juli 2015.



Kanalmodellen tar form

Verdsmeisterskap i Wakebord blei arrangera på Norsjø terieland i august med 58 deltakarar frå 25 land og ca. 2 000 publikummarar. Regionalparkens daglege leiar Pål Kleffelgård var leier for organisasjonskomiteen. Arrangementet fekk stor mediedekning, med 2 226 timer TV fordelt på 7 921 sendingar i 117 land fordelt på alle kontinent. Regionalparken ga støtte til festbuffé med lokalmat. Deltakarane var godt fornøgde med banen, som er ein av dei beste i verda.

Hausten 2014 sette regionalparken i gang arbeidet med ein plan for einsarta og oppdatert skilting frå veg til sluseanlegg og båtanløp. Planen skal godkjennast av kommunane og gjennomførast av Statens vegvesen over tid.

Elektroniske teljarar: Dette er viktig informasjon for næringsaktørane langs kanalen. Derfor har vi bestilt to nye teljarar som skal tas i bruk frå 2015 – ein skal stå i Løveid sluser og ein i Eidsborgstien.

Regionalparken har finansiert ein ny statistikkmodul i Citybreak, bookingsystemet til Visit Telemark, for at aktørane skal få meir kunnskap om kundane.



Fløterbrakka – verdas minste kanalhotell ved Kviteseid Brygge

5. Informasjon og marknadsføring

Mål: Nå fram med god, relevant og tilgjengelig informasjon om opplevelingar og attraksjonar langs Telemarkskanalen.

I 2014 vidareførde regionalparken og Telemarskanalen FKF samarbeidet om eit kanalmagasin på 32 sider som presenterte tilbodet på kanalen og i kanallandskapet. Det hadde eit opplag på 110 000 som blei distribuert til husstandar og turistkontor i nabofylka, til turistkontor og aktørar i Telemarkskanalens område, på messer osv. I tillegg var det eit lite opplag på engelsk. Magasinet fekk veldig god mottaking. Det kommer nytt magasin i 2015.

I 2013 blei regionalparken medeigar i Telemarkskanalen.no, saman med Telemarskanalen FKF, og det blei inngått avtale med Visit Telemark om nytt og meir tidsriktig design/utforming av nettsida som kunne presentere opplevings- og servisetilbodet på ein betre måte. Aktørane presenterer seg sjølv gjennom undersider som dei har ansvaret for å halde oppdatert sjølv. (Multisite-plattform). Etter planen skulle den vere klar før sesongen 2014, men den kom dverre ikkje før ved årsskiftet 2014/15. Den har noen feil og manglar som må rettast opp, men er elles mykje betre enn den gamle sida.

Visit Telemark har sett på dagsordenen ei evaluering av booking og sal. I samråd med båtselskapa har regionalparken arbeid for at dei må halde fram med desse oppgåvene, og i tillegg drive meir aktivt og oppsökande sal.

Andre tiltak som regionalparken har medverka i:

- Lagde spleiselag mellom Reisemål Bø, NUAS, Kviteseid og Tokke så Telemark kunne være med på sykkelkampanja til Visit Norway.
- Deltok på reiselivsmesse i Oslo i januar 2014, saman med ei rekke andre aktørar frå Telemark, felles stand med Telemarskanalen FKF og dei tre rutebåtselskapa.

6. Kultur og frivillig sektor

Mål: Meir engasjerte, stolte og involverte innbyggjarar.

Kulturopplevingar. I 2014 blei det laga eit særskilt program til sesongopninga med fellesannonser i fylkesavisene om arrangement langs kanalen. Og det blei fordelt noen midlar til kvar kommune for å stimulere til aktivitetar i kanallandskapet, særleg for lag og foreiningar. I 2014 hadde alle kanalkommunane «kanalveker». Skien og Tokke hadde kanalveker ved sesongstart i mai. På Notodden var kanalveka korta ned til ein dag med opning av amfi, scene og brygge ved Bok & Blueshuset 31. mai. I Lunde var det Kanalfestival frå 14. til 22. juni. Kviteseid arrangerte Kanalveke og Victoriafestival uka etterpå. Det hele blei avslutta med Kanalveke i Sauherad i august - samtidig med VM i Wakeboard og Kartfestivalen. Formålet er å stimulere, inspirere og informere om alt som skjer på og langs kanalen.

Regionalparken ga støtte til utvikling og etablering av Kanalrennet på rulleski i Lunde frå 2014.



Musikkforeningen Suoni spiller på Hjellebrygga ved sesongstart i 2014

7. Kunnskapsutvikling og formidling

Mål: Skape interesse for og utvikle kunnskap om lokale ressursar som grunnlag for vekst og trivsel.

Regionalparken har videreføre samarbeidet med Telemarkforsking om utvikling av attraksjonsklynger og med Aurland naturverkstad og Universitet på Ås når det gjeld arbeidet i fagnettverket for kanallandskapet.



M/S Henrik Ibsen og M/S Victoria ved Dalen Brygge

8. Nasjonale og internasjonale nettverk

Mål

- Utveksle kunnskap med andre regionalparker og fagmiljø.
- Bidra til forankring av regionalpark-konseptet som utviklingsstrategi.

Regionalparken deltar aktivt i Norske parker, organisasjonen for lokale og regionale parker, der daglige leiar Pål Kleffelgård er styremedlem.

Arrangør for nordisk parkmøte i juni med 65 gjester frå Norge, Danmark, Sverige, Island, Sveits og Frankrike. Båttur frå Langbryggene i Skien til Lunde var høgdepunktet.

Regionalparken deltar i eit nettverk av europeiske regionar (NIWE) som tidlegare har vore med i interregprogramma Water City, Wateways Forward og Waterways for Growth. Her kan det komme opp interessante prosjekt og samarbeidspartnarar for den neste Interreg-runda.

9. Finansiering av utviklingsprosjekter

Mål: Skaffe eksterne midlar til finansiering av utviklingsprosjekter i regionalparken.

Nasjonalt:

- Søkte og fekk 900 000 kroner til 'Telemarkskanalen – ein meir synlig attraksjon' frå KMD, VSP park 2014.

Regionalt:

- Søkte og fekk 350 000 kr til 'Sammen om vertskapet i regionalparken' frå fylkeskommunen.

10. Organisasjon

Mål: Vidareutvikle regionalparken som samarbeidsplattform for utvikling gjennom samhandling og samarbeid mellom eigarane.

Telemarkskanalen regionalpark er eit interkommunalt samarbeid etter Kommuneloven § 27. Den er organisert som ein nettverksorganisasjon, med ein liten felles administrasjon på heiltid og eit stort nettverk hos eigarane som arbeider med regionalparken på deltid.

Administrasjonen har to fast tilsette, dagleg leiar Pål Kleffelgård og prosjektkoordinator Frida Sviland. Frå september 2013 til juni 2014 hadde vi en reiselivsstipendiat, Jon Harald Aspheim, som i hovudsak var finansiert av fylkeskommunen og VSP park 2013. Administrasjonen har eit nyttig kontorfellesskap med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset. Arbeidsmiljøet er godt og fråværet ubetydeleg.

Årsbudsjettet 2014 var på 2,75 mill. som er finansiert av eigarane og går til administrasjon og utviklingstiltak. Sjå elles årsrekneskapen for 2014.

Styret har ein representant får kvar av eigarane og er leia av Tor Erik Baksås. Det har hatt fem styremøter og har handsama 32 saker.

Dei faglege nettverka har hatt ni møte; den administrative ressursgruppa (4), fagnettverk for landskap (2) og kulturnettverket (3). To møte for prosjektleiarar.

Pluss studietur til Leeds-Liverpool-kanalen i september for 24 deltagarar.



I august besøkte kommunal- og moderniseringsminister Tore Sanner Telemarskanalen. Regionalparken var koordinator for programmet, der ministeren var på båttur med M/S Henrik Ibsen, omvising på Vrangfoss, møtte sentrale aktørar og blei orientert om regionalparken



7. november 2014 arrangerte regionalparken sitt andre parkmøtet med 70 deltagarar frå offentleg, privat og friviljug sektor, mot 57 deltagarar i 2013. Programmet var korte presentasjonar av aktuelle prosjekt og resultata frå evalueringane til dei hemmelege gjestene. Tilbakemeldingane var gode og gir grunnlag for eit nytt parkmøte i november 2015.



Regionalparken har mange store og små prosjekt som er sett ut til prosjektleiarar hos kanalkommunar, destinasjonsselskap og næringssekskap. Pluss noen konsulentselskap, der det er tenleg pga. faglege føresetnader.

I 2014 har vi gitt ut tre nyhendebrev som blir distribuert med epost. Det har gitt grunnlag for fleire nyhendeoppslag i media. I tillegg blir nyhende spreidd jamt via Telemarskanalen.no og på Facebook.

Vedlegg: Statistikk for besøk 2014

Gjestedøgn i Telemark 2014

- Telemark hadde nest størst auke i landet juni og juli; juni + 19,6 % i juni og 19,5 % i juli
- I juli; Danmark 24 %, Norge 21,1 % og Tyskland 18,7 %
- I juni og juli var det mest auke av norske
- 87 % av gjestene er norske
- Nederland -12,3%

Passasjerar på kanalbåtane

Rute	2012	2013	Endring	2014	Endring
Victoria	8 308	9 920	19 %	7 543	-24 %
Henrik Ibsen	6 197	6 578	6 %	6 153	-6 %
Telemarken	2 533	3 035	20 %	2 118	-30 %
SUM	17 038	19 533	15 %	15 814	-19 %

Charter	2012	2013	Endring	2014	Endring
Victoria	1 555	894	-43 %	3 091	246 %
Henrik Ibsen	890	800	-10 %	958	20 %
Telemarken	502	1 038	107 %	3 044	193 %
SUM	2 947	2 732	-7 %	7 093	160 %

Rute + charter	2012	2013	Endring	2014	Endring
Victoria	9 863	10 814	10 %	10 634	-2 %
Henrik Ibsen	7 087	7 378	4 %	7 111	-4 %
Telemarken	3 035	4 073	34 %	5 162	27 %
SUM	19 985	22 265	11 %	22 907	3 %

Fritidsbåtar

Via Skien sluse

- 2012: 590 (inkl. 30 amfibier)
- 2013: 602 (inkl. 16 vannskutere)
- 2014: 565

Via Ulefoss sluse

- 2012: 231
- 2013: 261
- 2014: 240

Kommentarar

- Talla er ganske stabile
- Båtane blir større
- Bluesen ca. 85 båtar i 2014. Minkande tendens. I 2006 var det 230.
- Veldig få utlendingar; noen svenske, britiske, nederlendarar
- Dei som kommer er veldig fornøgde

Besøk på sluseanlegg – elektroniske teljarar

Frå 2. juli til 30. september

- 39 000 totalt
- 28 717 på Lunde sluse
- 10 455 på Vrangfoss sluse

Anslag for heile sesongen

- 57 000 totalt
- 41 500 i Lunde
- 15 500 på Vrangfoss

Arrangement, attraksjonar og camping

Tall frå fleire	2013	2014	Endring %	Merknad
Arrangement (5)	64 583	61 383	-5 %	Mersmak utgjer ein stor andel
Attraksjonar (6)	23 488	28 662	22 %	
Camping (5)	30 237	33 175	10 %	



M/S Telemarken og M/S Victoria i Vrangfoss